

## **SKOLEEKSAMEN I**

### **SOS1001 - Introduksjon til sosiologi**

**onsdag 26. oktober 2016**

**6 timer**

Det er ikkje tillate med nokre hjelpemiddel, anna enn ordbøker som er kontrollert av SV-infosenter, under eksamen.

Sensur for eksamen fell 16. november kl. 14.00. Sensuren blir publisert i Studentweb om lag kl. 15.00 same dag.

Sensuren blir rekna som motteke av studentane når han blir publisert i Studentweb. Vi minner om at kandidatar som ønskjer grunngjeving må be om dette **seinast 1 veke etter sensur har falle**. Frist for å klage på karakteren er tre veker etter sensur har falle. Informasjon om rutinar for grunngjevingar og klagar ved ISS finn du på emnesida.

Oppgavesettet har av **2 sider** inkludert denne.

Kandidaten skal levere både originalen og kopien av svaret. Ein skal ikkje levere kladd.

NB! Skriv hardt nok til at kopien blir leseleg. Du kan ikkje bruke tusj penn.

Hugs å notere deg kandidatnummeret ditt.

Du skal svare på både oppgave 1 og oppgave 2.

I oppgave 2 svarar du enten på oppgave 2 A, eller 2 B. Oppgave 1 tel 1/3 og oppgave 2 tel 2/3 av den endelege karakteren.

NB! Ein sensor skal lese kopien av svaret ditt også. Skriv slik at kopien blir leseleg.

## Oppgave 1

Gjer *kort* greie for tre av dei fire følgjande temaa:

1. Normer
2. Sosialt avvik
3. Samlivsrevolusjonen
4. Elite

## Oppgave 2

Svar på ei av følgjande langsvarsoppgåver:

### ENTEN 2A: ROLLE

Gjer greie for kva vi meiner med omgrepet rolle. Drøft kor vidt det er fruktbart å snakke om roller knytt til kjønn og livsfasar – som ”barnerolle”, ”kjønnsrolle”, ”ungdomsrolle” og ”vaksenrolle” – eller om dei sosiale mønstra i samfunnet vårt er for samansette og flytande til ei slik rolleforståing.

### ELLER 2 B: ORGANISASJONSLIV

Gjer greie for særtrekk ved frivillige organisasjonar og forskjellen mellom dei og arbeidsorganisasjonar. Drøft deretter tilhøvet mellom frivillige organisasjonar og staten i det norske samfunnet.

Lykke til!